

# NORSKE 4H ER 60 ÅR I 1996


4H står for klart hovud, varmt hjarta, flinke hender og god helse. Mottoet for 4H er å læra ved å gjera det. Gjennom 4H-oppgåvene lærer ein praktisk arbeid, og medlemmene styrer klubben sjølv. Medlemsalderen er frå 10–25 år.

Seint på hausten byrjar det nye 4H-året. Val av styre og planlegging av klubaktivitetane vert gjort unna. Medlemmene vel ei oppgåve for kvart år. Det er 80 ulike oppgåver innan landbruk, hus og heim, sjøbruk og lagsarbeid. Nokre vel òg å løysa oppgåva med eige opplegg.

Medlemmene arbeidar med oppgåva gjennom heile året. Her skal avtale og plan – budsjett for dei eldste – vera klar før dei startar på arbeidet. Oppgåva vert avslutta med melding og rekneskap. Så lagar klubben til haustfest, og viser fram resultatet med ei utstilling.

For kvart fullførte år får 4H-aren eit merke. Etter 7 år som junior og senior får medlemmene det ettertrakta trofeet, plaketten, og eit vitnemål som fortel kva oppgåver og styreverv dei har i 4H.

Medlemmene reiser ofte på kurs og leifar der dei treff mange venner og lærer mykje. Andre aktivitetar som er nært knytte til 4H-arane sitt arbeid, er turar i skog og mark, gjerne med overnattingar i telt eller



*Under jubileumsarrangementet til 4H var det lagt opp ulike aktivitetar for barn. På løa var det høve til å spikra fuglekasser.*



Inne i museumskafeen hadde Olinn Nevland og Brigt Slettebø swingoppvisning – som det svinga skikkeleg av!

under open himmel. Volleyball er 4H-sporten – her får alle vera med på laget anten dei er små eller store.

Mange klubbar frå heile Rogaland vitjar Kvía 4H-garden, og klubbanne som ligg i Sør-Rogaland, lagar også til eigne 4H-dagar på 4H-garden.

4H-ideen kjem frå USA, som byrja med jordbruksklubbar i 1906, for å få ungdom til å verta på landsbygda. No har 4H nådd ut til 80 andre land, og er ein av dei største ungdomsorganisasjonane i verda.

I 1953 vart det starta 4H-klubbar i Rogaland. Dette året vart det starta 7 klubbar i Time og Klepp. På 60-talet hadde det auka til 33 klubbar og ca. 600 medlemmer. I 1996 har me 49 klubbar og ca. 1800 medlemmer.

#### 4H SITT 60 – ÅRS JUBILEUM

Jubileet vart markert på Kvía 4H-gard og Jærmuseet 17. mars 1996. Dei 5 4H-klubbane i Hå laga til eit kjempearrangement. Påfuglen 4H og Vigre 4H frå Nærø, Svala 4H frå Varhaug, Solglimt 4H frå Vigrestad og Sjøglimt 4H frå Brusand, gjorde ein flott innsats. Her var full fart med natursti, steiking av pinnebrød, toving av ballar og kjøring med hest og kjerre.

Inne på Jærmuseet var det stor utstilling av 4H på hemsen, med 4H-historie, bilete og informasjon frå Rogaland 4H. 4H-medlemmene demonstrerte fluebinding, vennskapslenker og underholdt med dokke-teater. 4H-jubileumskake vart servert med sponsor-midlar frå lokale bedrifter.